

Planstrategi

Valperioden 2015 - 2019



Kvinnherad kommune

Mai 2016

Vedteken av kommunestyret 26.05.2016

INNHALD

1	Generelt	3
1.1	Styrt utvikling gjennom planlegging	3
1.2	Overordna føringar og planhierarkiet	3
2	Prosess	4
2.1	Oppstart og mandat	4
2.2	Roller og medverknad.....	4
3	Strategiar for å styra samfunnsutviklinga	5
3.1	Lova sine minstekrav	5
3.2	Nasjonale forventningar	6
3.3	Lokale behov.....	9
4	Planbehovet i perioden	16
4.1	Føresetnader	16
4.2	Kartlegging og analyse.....	16
4.3	Kommuneplanen	18
4.4	Kommunedelplanar	19
4.5	Reguleringsplanar	19
4.6	Utbyggingsavtalar	20
4.7	Interkommunale planar	20
4.8	Regionale planar	20
4.9	Andre planar og prosjekt	20
4.10	Planar som utgår.....	21
4.11	Prioriterte planoppgåver	22

Vedlegg 1: Eksisterande planar

Vedlegg 2: Prioriterte innspel

1 GENERELT

1.1 STYRT UTVIKLING GJENNOM PLANLEGGING

Føremålet med planstrategi er å leggja til rette for politisk styrt utvikling. Planstrategien skal sikra ei planlegging som er tilpassa behovet, og vera eit verktøy til å vurdera kommunen sitt plansystem og tilgjengelege/ønskjelege planressursar.

Plan- og bygningslova pålegg kommunane å utarbeida ein planstrategi seinast eitt år etter konstituering av det nye kommunestyret. Planstrategien skal byggja på kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutviklinga. Behovet for rullering av kommuneplanen skal vurderast spesielt.


Planstrategien er ikkje ein plan og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar. Kommunestyret kan kva tid som helst i valperioden ta planstrategien opp til ny vurdering. Planstrategien erstattar kravet til rullering av kommuneplanen som låg i den tidlegare plan- og bygningslova.

Det skal leggjast til rette for medverknad i prosessen, og forslaget til planstrategi skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si godkjenning.

1.2 OVERORDNA FØRINGAR OG PLANHIERARKIET

Plan- og bygningslova set krav til at staten kvart fjerde år utarbeidar eit dokument med nasjonale forventningar som skal vera retningsgjevande for arbeidet med den kommunale planstrategien. Dei gjeldande nasjonale forventningane vart vedtekne ved kongeleg resolusjon 12.juni 2015 og dei er innarbeidd i planstrategien.

Figuren under viser samanhengen mellom kommunen sin planstrategi, dei ulike plantypene etter plan- og bygningslova og dei nasjonale forventningane.



Hordaland fylkeskommune har i brev av 22.02.2016 gitt generelle synspunkt til nye kommunale planstrategiar i Hordaland, og dei er i det vesentlege følgt opp i denne planstrategien.

2 PROSESS

2.1 OPPSTART OG MANDAT

Kvinnherad kommunestyre vedtok prosjektplan for utarbeiding av planstrategi i møte 17.12.2015 med seks målsettingar:

1. Innan 23.06.2016 skal rullert planstrategi vere vedteken
2. Planstrategien skal innehalda ei drøfting av strategiske val
3. Gjeldande planstrategi skal evaluerast
4. Dei nasjonale forventningane skal setjast inn i ein lokal målestokk
5. Planstrategien skal gi eit oversyn over gjeldande planar i Kvinnherad kommune
6. Planstrategien skal definera kommunen sitt planbehov i fireårsperioden

2.2 ROLLER OG MEDVERKNAD

Kommunestyret har gjort vedtak om start og innhald i prosessen og til slutt også vedtak om den endelege planstrategien. Kommunestyret prioriterte rask framdrift framfor omfattande medverknad i strategiarbeidet.

Undervegs vart medlemene i både det sitjande og det førre kommunestyret involvert i evaluering av planstrategien for valperioden 2011 - 2015. Formannskapet har vore styringsgruppe for prosjektet og har handsama både prosjektplanen og framlegget til ny planstrategi.

Rådmannen har hatt ansvar for at prosjektet vart gjennomført innanfor vedtekne rammer og gjeldande framdriftsplan. Prosjektleiinga har lege i Verksemd for samfunnsutvikling der både prosjektleiar og prosjektgruppe er plassert. Verksemdleiarar og fagfolk i kommuneadministrasjonen har bidrege med grunnlagsdokument, evaluering og innspel til planstrategien.

Melding om oppstart av prosjektet og prosjektplanen vart sendt regionale og statlege instansar og alle nabokommunar. Det kom tilbakemelding frå Fylkesmannen i Hordaland som ville løfta fram ein samla kommuneplan, samfunnstryggleik, folkehelse, klima, landbruk og planlegging av sjøområda som viktige tema.

Ei politisk arbeidsgruppe har følgd prosjektet og gitt innspel og vurderingar av utkast, grunnlagsdokument og andre forhold ved prosessen. Eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma har hatt status som referansegrupper i prosjektet. Ungdommens kommunestyre har ikkje vore operativt i prosessperioden og har såleis ikkje kunne fungere som referansegruppe.

Den førre planstrategien vart evaluert ved hjelp av eit nettbasert spørjeverktøy der det sitjande og det førre kommunestyret samt administrative og faglege leiarar i kommuneadministrasjonen deltok. Både strategiske og faglege sider ved planstrategien vart vurdert og mange ga også innspel til den nye planstrategien.

Eit verkstadarbeid vart gjennomført i den politiske arbeidsgruppa 04.02.2016; gruppa vart da supplert med representantar frå referansegruppene. Resultata frå verkstaden peikar ut viktige utfordringar i strategiperioden og utgjer mykje av grunnlaget for prioriteringane i planstrategien. Vedlegget «Prioriterte innspel» er eit ekstrakt som viser resultata frå verkstaden, og desse prioriteringane er skrivne inn i planstrategien sine skildringar av utfordringar, strategiar og planbehov.

Ved høyring vart referansegruppene bedne om å delta. Grunna kommunestyret sitt ønske om rask framdrift har ikkje høyringsutkastet hatt ordinær politisk behandling før utsending. Forslaget til planstrategi er gjort offentleg minst ein månad før vedtak i kommunestyret slik lova krev.

3 STRATEGIAR FOR Å STYRA SAMFUNNSUTVIKLINGA

Kvinnherad er ein relativ stor kommune i vestlandsmålestokk; både målt i areal (vel 1000 km²) og folkesetnad (vel 13.000 innbyggjarar). Kommunen ligg slik til at den utgjer sin eigen region. Sjølv om folketalet har vore stabilt dei siste 15 – 20 åra viser den demografiske utviklinga at gjennomsnittsalderen er aukande og fødselsoverskotet minkande. Næringsvegane er mange, men delen sysselsette i primærnæringane og i offentleg sektor er større enn gjennomsnittet. Kommuneøkonomien er prega av høg eigenkapital, høg gjeld og noko for høge driftsutgifter i høve til inntektene.

3.1 LOVA SINE MINSTEKRAV

Plan- og bygningslova § 10-1 peiker på at planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling og nemner tre tema: langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og verksemd i sektorane.

3.1.1 LANGSIKTIG AREALBRUK

Kvinnherad kan ikkje seiast å vere ein presskommune. Det vert bygd 50 – 100 husvære årleg og 20 – 30 fritidsbustader. Veksten skjer i hovudsak langs ein akse frå Rosendal til Husnes/Sunde/Valen og også på sentrale deler av Halsnøy.

STRATEGIAR:

- ❖ I og nær tettstadane skal utbygging skje etter vedtekne reguleringsplanar. I bygdene elles kan spreidd utbygging skje der arealdelen til kommuneplanen legg til rette for det. Feltutbygging (to eller fleire einingar med felles infrastruktur) skal skje etter vedtekne reguleringsplanar om ikkje arealdelen seier noko anna. Talet på dispensasjonar skal ned som følgje av målretta plangrep og auka plandisiplin.
- ❖ Regionsenteret Husnes skal planleggjast med sterke sentrumskvalitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar. Området Husnes/Sunde/Valen skal sjåast i samheng ved planlegging av bustadområde, arbeidsplassintensive område og transportløyningar. Utbyggingsavtalar skal nyttast som verkty for å sikre private bidrag til god byutvikling.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for Husnes-området (ny)
- Områdereguleringsplanar for tettstadane (nye)

3.1.2 MILJØUTFORDRINGAR

Verknader av fiskeoppdrett i fjordane, klimautslepp frå transport og vern av naturtypar og landskap er miljøutfordringar som kommunen fokuserer på i planarbeidet dei komande åra.

STRATEGIAR:

- ❖ Arealdelen til kommuneplanen skal gi rammer for lokalisering og omfang av havbrukslokalitetar i fjordane. Kommunen vil vere ein aktiv samarbeidspartnar ved tilrettelegging for landbaserte anlegg. Næringa må utfordrast på betre løysingar av problema med lakselus og røming.

- ❖ Areal- og transportplanlegging skal i større grad nytte kollektivaksar som premiss. Gang- og sykkelvegnettet bør styrkjast. Ladestasjonar og annan tilrettelegging for klimavenleg bilisme skal vektleggjast.
- ❖ Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i kommunen er bra, men skal vedlikehaldast og vidareutviklast.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for klima og energi (rullering og handlingsdel (ny))
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)

3.1.3 VERKSEMD I SEKTORANE

Desentralisert organisering av dei store sektorane grunnskule og pleie og omsorg gir kommunen strukturelle utfordringar. Det er potensiale for betre koordinering av ulike tenesteområde for å gje brukarane eit heilskapleg tilbod. Dyrking av ein innovasjonskultur og fokus på nyvinningar kan auke effektiviteten og styrkje omdømet.

STRATEGIAR:

- ❖ Planar for ulike tenesteområde skal integrerast tettare med budsjett- og økonomiplanprosessane. Plan- og bygningslova og kommunelova sine verkemiddel må samordnast og einsrettast for alle verksemdområde av noko storleik.
- ❖ Forbetring av kommunen si digitale kontaktflate med publikum og brukarar. Fokus på sjølvbeteningsløysingar i forvaltninga. Satsing på omsorgsteknologi.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Økonomiplan og handlingsplan (rullering)
- Kommunedelplanar for verksemdområde med store investerings- og prioriteringsbehov (nye og rullering)

3.2 NASJONALE FORVENTNINGAR

Kvart fjerde år utarbeider regjeringa nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal mellom anna leggjast til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi og kommunale planar. Gjeldande forventningsdokument vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12.06.2015. For den inneverande fireårsbolken vert det fokusert spesielt på planprosessar, berekraft og by-/tettstadutvikling. Kommunen ønskjer å følgje opp dette og gjer dei statlege forventningane til del av sine eigne strategiar.

3.2.1 GODE OG EFFEKTIVE PLANPROSESSAR

Enklare regelverk, betre samarbeid, målretta planlegging og auka bruk av IKT i planlegginga er regjeringa sine fokusområde for dette temaet.

STRATEGIAR:

- ❖ Planforslag og avgjerder skal baserast på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.
- ❖ I planprosessar skal det leggjast vekt på tidleg medverknad frå partar, innbyggjarar, organisasjonar og relevante styresmakter.

- ❖ Kommunen vil nytte regionalt planforum aktivt.
- ❖ Plan- og bygningslova sine moglegeheiter for prioritering og forenkling skal nyttast.
- ❖ Private planforslag skal få tidlege, tydelege og relevante krav til utgreingar og dokumentasjon.
- ❖ Digitalt planregister skal gi enkel tilgang til plandata. Planprosessar skal i aukande grad nytta digital plandialog.

Oppfølging gjennom:

- Startpakke for reguleringsplanar (forbetring)
- Kartlegging av barnetrakk (ny)
- Vidareutvikling av digitalt planregister (forbetring)
- Innføre digital plandialog (ny)

3.2.2 BEREKRAFTIG AREAL- OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunen har ei sentral rolle som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn. God planlegging vil sikre ei aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane, men det er krevjande å leggja til rette for framtidsetta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse.

STRATEGIAR:

- ❖ Ved planlegging i bu- og arbeidsplassintensive område skal det leggjast vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering.
- ❖ Kommunen skal sjå til at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar der det vert teke særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.
- ❖ Verdier av naturmangfald, friluftsliv, kulturminne og barns oppvekstmiljø skal identifiserast og takast omsyn til i kommunale planar.
- ❖ Kommunen vil sikre viktige jordbruksområde og leggja til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. I arealplanlegginga vil område for spreidd næringsutbygging nyttast aktivt for å leggja til rette for tilleggsnæringar i landbruket.
- ❖ Gjennom planlegging skal Kvinnherad bidra til at regionen vert sikra nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa, mineralutvinning og byggjeråstoff. Dette skal vegast opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.
- ❖ Utbyggingsavtalar og kommunalt kjøp/sal av areal til planlegging skal nyttast aktivt.
- ❖ Auke kompetansen innan eigenproduksjon av reguleringsplanar og bruk av utbyggingsavtalar, innløyising og erstatting

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for klima og energi (rullering og handlingsdel (ny))
- Kommunedelplan for landbruk (ny)
- Kommunedelplan for kulturminne (ny, er starta)
- Overordna ROS-analyse for Kvinnherad (rullering)
- Kartlegging av barnetrakk (ny)
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (ny)
- Eigenproduksjon av reguleringsplanar

3.2.3 ATTRAKTIVE OG KLIMAVENNLEGE BY- OG TETTSTADSOMRÅDE

Mykje av veksten i Noreg er samla i og kring dei større byane med påfølgjande utfordringar for kapasitet i infrastruktur, press på dyrka mark og kostbar transformasjon. Slike vekstsmarter er i liten grad eit problem i Kvinnherad og det vil difor vere større handlingsrom her når bustad-, areal- og transportplanlegginga skal samordnast. Men for å kunne gje tenlege kollektivløysingar, framtidretta tenestesenter og gode bumiljø treng tettstadane rammer for utviklinga. Kvinnherad må også planleggja for å ta sin del av utsleppskutt.

STRATEGIAR:

- ❖ Kommunen vil fastsetja utbyggingsmønster, lokal senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga skal det trekkjast langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde.
- ❖ Den kommunale planlegginga skal leggja til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Det skal vere høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt og tilrettelegging for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet.
- ❖ I dei største tettstadane vil kommunen ha ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitik for å skape eit godt og levande miljø. Det skal leggjast til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein vil freista å få til forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet i dette arbeidet.
- ❖ Kommunen vil sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- ❖ I planlegginga skal det takast vare på naturverdiane og leggjast til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.
- ❖ Prinsippa om tilgjenge og universell utforming skal leggjast til grunn i planlegging av omgavnader og bygningar.
- ❖ Kommunen vil bidra aktivt i arbeidet med konseptvalutgreingar og statlege/regionale planar for store samferdselstiltak og leggja til rette for effektive prosessar og rask behandling av kommunedelplanar og reguleringsplanar for samferdsle.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for klima og energi (rullering og handlingsdel (ny))
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (rullering)
- Kommunedelplan for Husnes-området (ny)
- Områdereguleringsplanar for tettstadane (nye)
- Regional plan for ferjesambandet Kvinnherad – Stord (ny, deltaking)
- Tiltaksplan for universell utforming (ny, under arbeid)
- Kartlegging av barnetrakk (ny)
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (ny)
- Utbyggingsavtalar, innløysing og erstatting

3.3 LOKALE BEHOV

Gjennom evaluering av førre planstrategi, innspel til den nye planstrategien og eit verkstadarbeid har politikarar og kommuneadministrasjon utarbeidd eit sett av utfordringar og strategiar som Kvinnherad kommune bør fokusera på i planarbeidet dei neste fire åra. Somme av desse strategiane er samanfallande med lova sine minstekrav og nasjonale forventningar og er difor vist i avsnitt 3.1 og 3.2. Dei resterande er vist i avsnitta under.

3.3.1 LOKALSAMFUNN OG REGION

Kvinnherad er ein mykje oppdelt og vidstrakt kommune utan gjennomgåande riksvegsamband. Det er ingen openberre, framtidige løysingar for samanslåing med nabokommunar eller endring av kommunegrenser. Grunna lang og tungvinn reiseveg må Kvinnherad halda seg med tenester og tilbod som elles ville vore lagt til større sentra. Det er knytt utfordringar til å oppretthalda folketalet og få ungdom heim att etter ferdig utdanning. Geografi og busettingsmønster gjer at det er ikkje sjølvstøtt korleis tilhøva skal vere mellom lokalsenter, kommunesenter og regionsenter. Den lokale natur- og kulturarva gir likevel nokre føremoner når Kvinnherad skal marknadsførast som buområde, arbeidsområde, idretts- og fritidsområde og reiselivsområde. Det lokale handlingsrommet innan arealplanlegging er lite på grunn av sterk statleg styring. Det er trong for målretta arbeid med identitet, omdøme, verdiar og optimisme.

STRATEGIAR:

- ❖ I samfunnsplanlegginga skal det leggjast vekt på å samla kommunen, skapa samhald og motarbeida «bygdedyret». Alle bygder må inkludrast og den kvinnherske identitetskjenninga skal dyrkast. Alle innbyggjarar og idéskaparar bør kjenna seg ivareteke.
- ❖ Differensiert arealforvaltninga slik at dei kvalitetane som er unike for kvar bygd kan forsterkast.
- ❖ Bygge nettverk mellom fritidstilbod, næringsliv, helse, skule, kunnskap og marknadsføring.
- ❖ Ta omsyn til bustadtilhøve og bustadprisar for førstegangsetablerarar.
- ❖ Støtte opp om initiativtakarar som bidreg til å nå kommunen sine strategiske mål.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)

3.3.2 OPPVEKSTVILKÅR

Full barnehagedekking og desentralisert skulestruktur gir eit godt utgangspunkt for gode barneår i Kvinnherad, men det er kostbart for kommunen å oppretthalda tilbodet. Barnefattigdommen er aukande. Fritidstilbodet til barn og ungdom er godt, men anleggskapasiteten er avgrensa. Barn og unge er ofte engasjerte innbyggjarar, og det er ei utfordring å skape arenaer der dei kan gi sine bidrag til samfunnsutviklinga. Tenestene i oppvekstsektoren har for lite preg av samhandling. Ordninga med barnerepresentant i plansaker bør endrast og styrkjast.

STRATEGIAR:

- ❖ Setje oppvekstmiljø og oppvekstvilkår inn i ein heilskapleg plansamanheng.
- ❖ Styrkje barn og unge sine moglegheiter for medverknad i plan- og tiltaksarbeid.
- ❖ Utsette barn/unge: avdekke behov og setje inn naudsynte tiltak/ressursar så tidleg som mogleg.
- ❖ Tverrfagleg samhandling for å redusere konsekvensar av risikofaktorar i barn/unge sine liv.
- ❖ Gode førebyggjande tenester for barn og unge.

- ❖ Utprøving og bruk av velferdsteknologi innanfor tenester for barn og unge.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (rullering)
- Ny ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga (forbetring)
- Barnefattigdomsprosjektet (fullføring)

3.3.3 HELSETENESTER, PLEIE OG OMSORG

Mange oppgåver som tidlegare har vore lagt til sjukehus/fødeavdeling blir overført til kommunen. I tillegg får kommunen nye oppgåver og eit auka ansvar for førebyggjande helsearbeid, utgreiing, behandling og rehabilitering. Livsstilssjukdomar og endra alderssamansetnad i befolkninga er alt synlege utfordringar, og vil truleg forsterkast i åra som kjem. Kommunen har høg kvalitet både i institusjonane og i heimebasert omsorg, men det er ei utfordring å avklara kva forventningar ein kan ha til den kommunale tenesteytinga. Det er krevjande å rekruttera kvalifisert personell og utfordrande å samordne tenestetilbod til innbyggjarar som treng tenester frå fleire tenesteytingar. Det er ønskjeleg å styrkje brukarmedverknaden for menneske med nedsett funksjonsevne, og dette temaet vil verte del av ein ny kommunedelplan for helse, omsorg og sosial.

STRATEGIAR:

- ❖ Gode helsetilbod både på institusjonane og i heimen
- ❖ Utprøving og bruk av omsorgsteknologi i eldreomsorga
- ❖ Utvikle sjukeheimane med kompetanse og teknologi for å spare overliggedøgn i helseføretaka.
- ❖ Gode førebyggjande helsetenester
- ❖ Gode kurative tenester
- ❖ God innsats på rehabilitering
- ❖ God medverknad for brukarar, pårørande og verjer

Oppfølging gjennom:

- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial (ny)

3.3.4 UNIVERSELL UTFORMING

Produkt og omgjevnader skal vere forma på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan tilpassing og ein spesiell utforming. I Kvinnherad er det forbetringspotensiale innan eksisterande offentleg og privat service med uteområde, kollektivtransport, friluftsområde, transportsystem og informasjonsteknologi.

STRATEGIAR

- ❖ Sentrumsområde og knutepunkt for kommunikasjon vert prioritert i arbeidet for auka universell utforming.
- ❖ Prinsippa om tilgjenge og universell utforming skal leggjast til grunn i planlegging av omgjevnader og bygningar.

Oppfølging gjennom:

- Tiltaksplan for universell utforming (ny, under arbeid)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)

3.3.5 UTDANNING

Alle med rett på barnehageplass får tilbod om det, men det er ei utfordring å gi tilbod med kort reiseveg i dei små bygdene. Grunnskulestrukturen er desentralisert og det er krevjande å ha naudsynt kompetanse på alle område innanfor små einingar. Faglege resultat ligg under landsgjennomsnittet, skuleanlegga har manglar, det er forventa nedgang i elevtalet men auka del minoritetsspråklege elevar. Vidstrakt geografi, til dels spreidd folkesetnad og sterke kjensler for nærskulane gjer det krevjande med strukturendringar i oppvekstsektoren.

Kvinnherad vidaregåande skule har storleik og breidde til å gi eit godt tilbod innan allmennfag og til dels yrkesfag, men for å få full fagleg valfridom må elevar frå Kvinnherad vere budde på å reisa vekk for å få vidaregåande opplæring. Dette gjeld særleg frå andre skuleår og utetter. Det er viktig å førebygga fråfall i vidaregåande skule.

Næraste høgskule ligg på Stord men berre eit fåtal studentar dagpendlar frå Kvinnherad. Mogleheitene for desentralisert utdanning aukar i takt med forbetringar i kommunikasjonane, og det er tilbod om nokre fjernstudium på høgare nivå gjennom Studiesenteret.no.

STRATEGIAR

- ❖ Kommunedelplan for skulebruk skal knytast tett til budsjett- og økonomiplanarbeidet.
- ❖ Tett tilknytning mellom barne-/ungdomsarbeid og utdanning/arbeid.

Oppfølging gjennom:

- Kommunedelplan for skulebruk (rullering av handlingsdelen)
- Barnefattigdomsprosjektet (fullføring)

3.3.6 SAMFERDSLE OG KOMMUNIKASJON

Betre kommunikasjonar mellom Kvinnherad og tilgrensande regionar er avgjerande for utvikling og vekst i kommunen. Låg kvalitet på hovudvegane i Kvinnherad og låg frekvens på ferjer, snøggbåtar og bussar gir store utfordringar for næringslivet, arbeids- og fritidsreiser og pendling inn til og ut av kommunen. Gang- og sykkelvegnettet er usamanhengande og har mange flaskehalsar. Det er trong for betre samordning av fylkes- og kommunevegane. Med unntak av nokre få grender har innbyggjarar og næringsliv eit godt breibandstilbod og fibernettet er godt utbygd.

STRATEGIAR:

- ❖ Utarbeide ein «Kvinnheradpakke» som sameiner investeringsbehova, prioriterer mellom tiltaka og legg grunnlag for finansiering av samferdsle- og trafikktryggingstiltak.
- ❖ Innføra normer for kommunale vegar og samordna drifts- og investeringsbehova.

Oppfølging gjennom:

- Kommunedelplan for samferdsle (ny)
- Prosjekt Trafikksikker kommune (ny)

3.3.7 BEREKRAFT

Gjeldande klima- og energiplan for Kvinnherad har fire fokusområde: energibruk, klimagassutslepp, klimatilpassing og avfall/forbruk. Det er sett målsettingar og utarbeidd strategiar innan ei rekkje

resultatområde innafor planen sin horisont som strekkjer seg til 2020. Den største utfordringa med planen er å følgje den opp i budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Kvinnherad har store areal verna som nasjonalpark, naturreservat og landskapsvernområde. Saman med tre verna vassdrag og eit godt kunnskapsgrunnlag for terrestrisk naturmangfald kan ein seie at mykje av det klassiske naturvernet er godt ivareteke. Bruk og vern av fjordane, strandsona og dyrka mark er dei tema som gir størst utfordringar i arealforvaltninga.

STRATEGIAR:

- ❖ Knyta vedtekne klimastrategiar og klimatiltak til budsjett og økonomiplan.
- ❖ Setje arealavgrensingar for havbruksnæringane.
- ❖ Samarbeid i Sunnhordlandsregionen om reglar for bruk og vern av strandsona langs sjøen.
- ❖ Restriktiv haldning til omdisponering av dyrka og dyrkbar mark.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for klima og energi (rullering og handlingsdel (ny))
- Interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland (fullføring)
- Regional plan for kystsona i Sunnhordland (deltaking)

3.3.8 FOLKEHELSE

Kvinnherad sin første folkehelseoversikt vart utarbeidd i 2015 og den inneheld eit vidt spekter av målsettingar som treng følgjast opp både i oversiktsplanlegging og i planlegging på verksemdnivå. Mange av målsettingane peikar også på fokusområde, kartlegging, analyse og førebyggjande og kurative tiltak. Utfordringar som vert trekt fram gjeld særleg fysisk aktivitet, sosial deltaking, kunnskap om årsaker til skader og sjukdom, fråfall i skule og arbeidsliv, vaksinasjonsdekking og psykiske lidningar. Med ei forventa auke i innvandringa til Kvinnherad vil også omfanget av integreringsarbeid gi utslag for folkehelsa.

STRATEGIAR:

- ❖ Førebyggjande helsearbeid og miljøretta helsevern
- ❖ Følgje opp målsetnadene nedfelt i folkehelseoversikten.
- ❖ Avdekke risiko for og førebygge at barn/unge fell utanfor.
- ❖ Godt integreringsarbeid.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (rullering)
- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial (ny)
- Kommunedelplan for samferdsle (ny)
- Helse- og sosial beredskapsplan (rullering)
- Folkehelseoversikt (rullering)
- Smittevernplan (rullering)
- Planverket i barnehagane (rullering)
- Kommunedelplan for skulebruk (rullering av handlingsdel)
- Barnefattigdomsprosjektet (fullføring)
- Prosjekt Trafikksikker kommune (ny)

3.3.9 KULTUR- OG FRITIDSTILBOD

Kvinnherad har eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar som tilbyr kultur- og fritidsaktivitetar til innbyggjarar og tilreisande. Gjennom institusjonar som Baroniet Rosendal, Halsnøy kloster, Kulturhuset Husnes, festivalar og andre arrangørar i frivillig sektor har Kvinnherad også eit godt tilbod om profesjonelle kulturtilbod. Det er ein trend innan frivilligfeltet at det er ei dalande interesse for langsiktig organisasjonsarbeid, medan interessa for prosjektbasert frivillig arbeid er aukande. Dette ser vi tendensar til også i Kvinnherad. Vi ser og at det er dalande deltaking i organisasjonar i ungdomsåra.

STRATEGIAR:

- ❖ Utvikle samarbeid og støtte til frivillige organisasjonar for å redusere fråfall i barne- og ungdomsidretten og redusere konsekvensen av sosiale skilnader.
- ❖ Tilskotsordningar som møter brukarane sine behov og stimulerer til å møte nye utfordringar.
- ❖ Tett samarbeid og oppfølging av prosjekt i frivillig sektor.
- ❖ Skape arenaer som stimulerer til aktivitet for alle grupper.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (rullering)
- Kommunedelplan for kultur (ny)
- Frivilligplan (ny)
- Ny ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga (forbetring)
- Barnefattigdomsprosjektet (fullføring)

3.3.10 SAMFUNNSTRYGGLEIK

Kvinnherad må vere budd på fleire alvorlege naturhendingar enn før på grunn av sterk vind, ekstremnedbør, flaumar, ras, høgare havnivå m.m. Det kan føre til store naturulykker og alvorlege skadar på viktig infrastruktur med til dels omfattande konsekvensar både for liv og helse, miljø og økonomi. Den tekniske infrastrukturen vert stadig meir omfattande og avansert, og med det aukar også sårbarheita dersom viktige ledd i nettverka for transport, kommunikasjon og energi fell ut. Alvorlege epidemiar og atomulukker representerer det største potensialet for akutt helsefare. NVE kartla i 2015 faresoner for skred i sju utvalde område i Kvinnherad. Det er ønskeleg å få kartlagt fleire område i td. Mauranger og Baugstranda, men dette er det ikkje realistisk å få gjort for statlege midlar på kort sikt. Skredfare vert eit sentralt tema ved rullering av kommunen si overordna risiko- og sårbarheitsanalyse.

STRATEGIAR:

- ❖ Jamnleg kartleggja moglege uønskte hendingar og deira sannsyn og konsekvens.
- ❖ Nytte grenseverdiar for akseptabel risiko i planar og tiltak.
- ❖ Bistå grunneigarar, utviklarar og tiltakshavarar med råd om handtering av naturfare i plan- og utbyggingstiltak

Oppfølging gjennom:

- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (rullering)
- Overordna beredskapsplan (rullering)
- Akseptkriterium for risiko og sårbarheit ved arealplanlegging (rullering)
- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)

- Helse og sosial beredskapsplan (rullering)
- Flaumsonekartlegging av dei største vassdraga (ny)
- Planar for flaumsikring i dei mest utsette vassdraga (ny)
- Deltaking i kommunesamarbeid om geologkompetanse (vidareføring)

3.3.11 ARBEIDSPlassAR OG NÆRINGS�IV

Mest kvar tiande arbeidsplass finst i primærnæringsane og Kvinnherad er ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland. Landbruksnæringsane går gjennom store strukturelle endringar og vert kraftig effektivisert. Fiskeri er hovudsyssel for ca. ein halv prosent av dei sysselsette. Kvinnherad er ein stor havbrukskommune.

Sekundærnæringsane held eit stabilt volum, men det har vore eit markert fall i industriarbeidsplassane det siste tiåret. Det er no ca. 1000 industriarbeidsplassar i Kvinnherad. I bygge- og anleggsbransjen er det vel 400 arbeidsplassar. Sekundærnæringsane har til saman ca. 1500 arbeidsplassar.

I dei tenesteytande næringsane held talet på arbeidsplassar seg samla sett stabilt. Det er stor tilbakegang innan transport, finansiering og forsikring men dette vert i stor grad vege opp av framgang innan varehandel, kommunikasjon og teknisk tenesteyting. Noko avhengig av reknemåte kan talet på arbeidsplassar i den private delen av tertiærnæringsane setjast til ca. 1400.

To tredeler av arbeidsplassane er i privat sektor og offentlege føretak og dette ligg noko under gjennomsnittet for Hordaland. Meir enn kvar fjerde arbeidsplass er i kommunal forvaltning; eit særst høgt tal samanlikna med fylket elles. Sysselsettinga i statleg forvaltning ligg vesentleg under nivået elles i Hordaland. Kvinnherad har ei netto utpendling på snautt 750 og ei såkalla arbeidsplassdekking kring 90 %.

Kommunen ønskjer å leggja til rette for innovasjon, inkubatorar, rettleiing, finansiering og næringsareal slik at det vert gode vilkår for næringslivet. Dette krev innovativ tenking og ei overordna «ja-haldning». Slik skal det etablerast ein kultur for nyskaping og utvikling av lokalsamfunn og næringsliv.

STRATEGIAR:

- ❖ Næringsrådgjeving, næringsfond og samarbeid med næringsorganisasjonar.
- ❖ Bidra til støtte og utvikling av både det tradisjonelle landbruket og tilleggsnæringsar.
- ❖ Planleggja næringsareal og dels utvikla næringsområde i/ved tettstadene.
- ❖ Leggja til rette for spreidd næringsutbygging i grisgrendte strok.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Arealdel til kommuneplanen (rullering)

3.3.12 KOMMUNALE TENESTER

Organisasjonen er i kontinuerleg utvikling, men økonomien er framleis svært stram. Grunna store avstandar og mange bygder har dei kommunale tenestene innan oppvekst, pleie og omsorg ein særst desentralisert struktur. Det er td. 12 barneskulekrinsar i Kvinnherad og fem sjukeheimar kringom i kommunen. Kvinnherad vil venteleg få ein monaleg auke i talet på flyktningar dei komande åra.

STRATEGIAR:

- ❖ God økonomistyring og reduksjon i driftsnivået.

- ❖ Vidareutvikle den kommunale organisasjonen med fokus på effektivisering, struktur og mindre byråkrati.
- ❖ Styrke arbeidsmiljøet med vekt på motivasjon, trivsel og utvikling.
- ❖ Kommunikasjon mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen.
- ❖ Kompetanseutvikling for dei tilsette og ved rekruttering.
- ❖ Tverrfagleg samhandling.
- ❖ Auka evne og kapasitet for samfunnsutvikling.
- ❖ Tilrettelegging for flyktningar.

Oppfølging gjennom:

- Samfunnsdel til kommuneplanen (rullering)
- Kommunedelplanar for verksemdområde med store investerings- og prioriteringsbehov (nye og rullering)
- Budsjett, økonomiplan og handlingsplan (rullering)

4 PLANBEHOVET I PERIODEN

4.1 FØRESETNADER

Utarbeiding av planar vert i hovudsak organisert som prosjekt. Kommunen nyttar ofte PLP Prosjektleiarprosessen som verkty; anten i sin heilskap eller i eit tilpassa omfang. Verktøyet definerer roller og ansvar, mål, avgjerdspunkt, milepælar samt kritiske suksessfaktorar.

For kommuneplanar og overordna arealplanar ligg gjennomføringsansvaret hos Rådmannen. Utarbeiding av fagplanar og temaplanar vert generelt leia frå fagansvarleg verksemd.

Utarbeiding/rullering av dei overordna kommunale arealplanane har teke lang tid. Årsakene til dette er fleire, men mange og tunge motsegner frå regionale og statlege styresmakter til planane, samt at det gjennom heile prosessen vert teke med nye innspel som krev utgreiing utgjør ein stor del av grunnane. Skal behandlingstida ned, må planane rullerast oftare og regelmessig, det må utøvast disiplin i høve til innspel og planlegginga må ta omsyn til nasjonale verdiar som strandsone og dyrka mark. Grunna lite oppdaterte planar ligg også Kvinnherad på dispensasjonstoppen i Hordaland. Dispensasjonar er lite ønskjeleg ut frå planfaglege vurderingar og dei er svært ressurskrevjande. Med oftare rullering av arealplanane kan kommunen lettare krevja plandisiplin. Dispensasjonane vert færre, og ressursane kan nyttast til planlegging.

Planleggingskompetansen i kommunen er generelt god innan overordna arealplan, planprosessar og geografiske informasjonssystem (GIS). Denne kompetansen vert nytta i samband med kommuneplanar og andre overordna arealplanar. For temaplanar og fagplanar ligg kompetansen i hovudsak i faglandet i kommunen sine ulike driftsområde.

Dersom det i eit planprosjekt vert vurdert at kommunen ikkje har kompetanse og/eller ressursar, vert det engasjert eksterne rådgjevingsfirma (konsulentar, arkitektar o.l.). Det kan vera til heile planarbeidet eller til nødvendig spisskompetanse som analysar eller utgreiingar. Prisen på innleige av rådgjevingsfirma er høg, og det vert hevda at kommunen burde ha tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å utarbeida alle arealplanar, også detaljreguleringsplanar. Dei fleste rådgjevingsfirma har brei oppdatert kompetanse samt erfaring frå tilsvarande planlegging som kommunen etterspør. Dei kan då tilby effektiv planlegging med god kvalitet. For å gjera kontrahering av rådgivarar enklare har kommunen inngått rammeavtalar med kvalifiserte firma.

Erfaring frå førre strategiperiode viser at samla konsulentkostnad til eit typisk planoppdrag gjerne ligg mellom ein og to mill. kr. Kommunen opplever størst nytte av konsulentane der planoppdraga har tydelege faglege og geografiske avgrensingar og kompetansebehovet er klart definert. Om lokalkunnskap og politiske føringar er sentrale i planoppdraget går kostandane opp pga. auka tidsbruk både for konsulenten og for oppdragsgjeveren.

Kommunen sitt planbehov er aukande og i komande strategiperiode vert det lagt opp til at kommunen styrkjer eigen kompetanse og kapasitet innan strategisk planlegging og planforvaltning samstundes som det skal setjast av investeringsmidlar til konsulentbistand i dei planoppdrag som er eigna til det. Omfanget av prioriterte planoppgåver (sjå avsnitt 4.11) har som føresetnad at kommunen aukar sin planleggingskapasitet monaleg.

Eit oversyn over gjeldande planar er vist i vedlegg 2 til planstrategien.

4.2 KARTLEGGING OG ANALYSE

Til oversiktsplanlegging nyttar kommunen i hovudsak informasjon og data frå eksisterande kjelder. Dette kan vere tal og fakta frå t.d. folkeregisteret og Statistisk sentralbyrå eller kartdata frå dei mange ulike instansar som registrerer t.d. kulturminne, naturmangfald, infrastruktur eller næringsinteresser. Til einskilde planoppgåver

må kommunen anten gjere egne analyser eller gjennomføra kartlegging i tillegg til dette. Avsnitta under viser kartlegging og analyse kommunen vil prioritera i strategiperioden.

4.2.1 FOLKEHELSEOVERSIKT

Folkehelselova pålegg kommunen å ha oversyn over tilstand og påverknadsfaktorar for helsetilstanden til innbyggjarane. Ein slik oversikt skal m.a. nyttast ved utarbeiding av planstrategi. Gjeldande folkehelseoversikt vart vedteken i 2015. Kommunen er pålagt å utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet. Folkehelseoversikten lyt difor reviderast i 2019. Bør sjåast i samanheng med økonomiplanen.

4.2.2 RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunen å kartleggja sannsyn og konsekvensar av uønskte hendingar og korleis dei kan påverke kommunen. Dette skal vurderast og samanstillast i en heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). ROS-analysen skal nyttast ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova og som utgangspunkt for kommunen sin beredskapsplan. Analysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplaner og elles ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet. Gjeldande ROS-analyse vart vedteken i 2014 og bør gjennom ein hovudrevisjon i 2018. Samstundes bør kommunen sine akseptkriterium for risiko revurderast.

4.2.3 BARNEFATTIGDOM

I femårsperioden 2015-2020 vert det gjennomført eit tverrfagleg prosjekt for å avdekka og bøta på barnefattigdom i Kvinnherad. Resultata så langt viser at det stort behov for sikrare kunnskap om kva grupper og individ som er i ein utsett situasjon og kva plangrep som kan førebygge og bøta på problema. Etter mange år med relativt få flyktningar ser det ut til at denne gruppa vil auke, og mange av problemstillingane ved dette har fellesnemnarar med barnefattigdom. Arbeid på dette feltet vert organisert i eit tverrfagleg prosjekt frå 2015 – 2020.

4.2.4 BARNETRAKK

Kartlegging av område og strekningar som vert nytta av barn i fritid og som skuleveg er viktig for å kunne ta omsyn til deira interesser ved arealplanlegging, byggetiltak og tilrettelegging. Nokre område i Kvinnherad er delvis kartlagt, og det er gjennom kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv målsetting om kommunefemnande kartlegging. Heile kommunen bør vere dekkja innan utløpet av strategiperioden. Areal som skal inn i områdereguleringsplanar vert prioritert først.

4.2.5 FRILUFTSLIVSOMRÅDE

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde vert gjennomført i løpet av 2016 og følgjer ein nasjonal standard for slike registreringar. Resultata vert framstilt som temakart og skal nyttast som faktagrunnlag for samfunns- og arealpanarbeid.

4.2.6 NATURMANGFALD

Naturmangfaldlova pålegg kommunen å ha god kunnskap om mangfaldet av biologi, landskap og geologi når det vert fatta avgjersler som rører ved naturmangfaldet. Kvinnherad kommune har tidlegare nytta store ressursar til kartlegging av naturtypar og trua arter, og kunnskapsgrunnlaget vert no rekna som tilstrekkeleg til

generell oversiktsplanlegging. Ytterlegare kartlegging vert berre sett i gang ved konkrete behov knytt til avgrensa område t.d. ved reguleringsplanlegging.

4.2.7 KULTURMINNE

Som del av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne skal faste kulturminne og kulturmiljø i Kvinnherad kartleggjast. Relevant kunnskap skal samlast inn, systematiserast og tolkast. Kunnskapen skal framstillast på kart og kulturmiljøa skal avgrensast. Verdien til kulturminna og kulturmiljøa skal avklarast og få ei heilskapleg framstilling.

4.2.8 STRANDSONE

Kvinnherad har nær 50 mil kystline og for denne strekkja er det gjort ei grov vurdering av grensa for funksjonell strandsone. Gjennom arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen skal det med utgangspunkt i den funksjonelle strandsona etablerast ei byggegrense mot sjø for så stor del av kommunen som mogleg. For dei delar av kommunen som ikkje får vedteken byggegrense vert framleis 100-metersbeltet langs sjøen byggeforbodssone.

4.3 KOMMUNEPLANEN

Kvinnherad sin kommuneplan er delt i ein samfunnsdel og ein arealdel som vert rullert kvar for seg. Samfunnsdelen skal gi føringar for arealforvaltninga og arealdelen skal ta opp i seg samfunnsmessige utfordringar der dei heng saman med arealbruken.

4.3.1 SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Planen vart sist rullert med vedtak i kommunestyret i 2000. Den 11.08.2005 vedtok Kvinnherad formannskap opplegg for ny rullering av samfunnsdelen, og med nytt vedtak om planprogram for prosessen 24.04.2014. Det er samla inn mykje bakgrunnsstoff, men ferdiggjering har vorte nedprioritert til fordel for det omfattande arbeidet som er lagt ned i rullering av arealdelen til kommuneplanen og deltaking i drift og andre planprosessar.

Sjølv om kommunen ikkje har ein oppdatert samfunnsdel har strategiske val vorte behandla i temaplanar, i førre planstrategi og gjennom årleg rullering av økonomiplan med handlingsprogram. Handlingsprogrammet har etter kvart fått ei form som ein «samfunnsdel i miniatyr». Behovet for ei felles overbygging er likevel til stades i fullt monn, og ny samfunnsdel vert prioritert i strategiperioden. Ei samordning av handlingsdelen til denne planen og kommunen sitt system for økonomi- og verksemdplanlegging skal ha ekstra merksemd i arbeidet.

4.3.2 AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Gjeldande arealdel til kommuneplanen er i dag sett saman av 6 delplanar med vedtak frå 2003 til 2013. Arealdelen er no under rullering og alle delplanane vert samla til ein felles arealplan for heile Kvinnherad. Det er forventa vedtak av nye arealdel i løpet av 2016 og med det vil Kvinnherad få ein oversiktsplan som vil vere tilstrekkeleg oppdatert ut denne strategiperioden og truleg eit stykke inn i den neste. Unntak frå dette er området i og kring Husnes der det bør utarbeidast ein kommunedelplan med fokus på regionsenterfunksjonar og by-/omlandsutvikling. For dei største av dei andre tettstadene i Kvinnherad vil områdereguleringsplanar verte nytta for å fastleggja framtidig arealbruk og infrastruktur.

I den nye arealdelen vert det særleg fokusert på å få ned talet på dispensasjonar, tilrettelegging for næringsutvikling i alle deler av kommunen og forvaltning av strandsona.

To samferdsleprosjekt (ny ferjekai på Varaldsøy og omlegging av fylkesveg 48 på Løfallstrand) vart vedtekne som kommunedelplanar for areal i 2014 og desse planane vert vidareført slik dei ligg føre.

4.4 KOMMUNEDELPLANAR

Temaplanar som omfattar strategiske val bør utarbeidast som kommunedelplanar etter reglane i plan- og bygningslova. Dette sikrar ein prosess med medverknad samt at handlingsdelen i temaplanen kan innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og handlingsprogram.

Gjeldande kommunedelplanar som skal vidareførast utan at det er trong for rullering av langsiktig del dei næraste åra:

- Kommunedelplan for Fjelbergsambandet
- Kommunedelplan for skulebruk
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

I strategiperioden er det behov for å utarbeide:

- Kommunedelplan for samferdsle, inkludert trafikktryggingstiltak (ny/omarbeiding)
- Kommunedelplan for klima og energi (rullering)
- Kommunedelplan for landbruk (ny, er starta)
- Kommunedelplan for kulturminne (ny, er starta)
- Kommunedelplan for vatn og avløp (rullering)
- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial (ny)
- Kommunedelplan for kultur (ny)

4.5 REGULERINGSPLANAR

Plan- og bygningslova definerer to typar reguleringsplanar: Områdereguleringsplanar, som i hovudsak skal utarbeidast av kommunen og detaljreguleringsplanar som kan utarbeidast av private.

4.5.1 OMRÅDEREGULERINGSPLANAR

I Kvinnherad er det til no berre vedteken ein slik plan. Den omfattar skuleområdet på Husnes og inneheld areal til noverande og framtidig idrettsfremål, utdanning, pleie og omsorg. Planen vart vedteken i 2015, og deler av planområdet må utfyllast med detaljreguleringsplanar før utbygging.

I strategiperioden er det ønskjeleg å utarbeide områdereguleringsplanar for fleire av tettstadane i Kvinnherad. I større og mindre delar av Sæbøvik, Sunde, Valen, Uskedalen, Dimmelsvik, Seimsfoss og Rosendal kan fleire av dei gjeldande reguleringsplanane reknast som forelda og det er trong for å fornye plangrunnlaget. Desse stadene vert prioritert for områdereguleringsplanar:

- Sunde
- Sæbøvik
- Uskedalen
- Rosendal
- Valen

4.5.2 DETALJREGULERINGSPLANAR

Kommunen har 235 gjeldande detaljreguleringsplanar og dette talet aukar med 5 – 10 nye planar årleg. Dei siste 25 åra er så godt som alle utarbeidd i privat regi. Kommunen har i einskilde sentrumsområde (Rosendal, Sunde, Husnes) delteke i partnerskap med næringsaktørar og organisasjonar for utarbeiding av detaljreguleringsplanar. I slike tilhøve vert det nytta private planfirma til planutforminga.

Kommunen bør i strategiperioden utarbeida detaljreguleringsplan for deler av skule-/idrettsområdet på Husnes slik at m.a. utbygging av ny idrettshall kan koma i gang. Detaljreguleringsplanar ut over dette vil verte utarbeidd i privat regi, men kommunen kan vurdere partnerskap og/eller utbyggingsavtale for planlegging som følger opp kommunen sine strategiske vegval.

Reguleringsplanar for ny ferjekai Varaldsøy og omlegging av fylkesveg 48 på Løfallstrand er fylkesvegprosjekt som førebels ikkje er del av regional transportplan for Hordaland. Det vert å koma attende til eventuell kommunal deltaking i desse planarbeida om dei vert prioritert i neste utgåve av transportplanen.

4.6 UTBYGGINGSAVTALAR

Til no har det ikkje vorte inngått utbyggingsavtalar slik dei er definert i plan- og bygningslova § 17-1. I strategiperioden vil kommunen opne for slike avtalar knytt til utvikling av sentrumsområde og andre strategisk viktige samfunnsfunksjonar. Dette vil setjast i samheng med auka kommunal aktivitet innan kjøp, sal og innløyising av areal til samfunnsnyttige føremål.

4.7 INTERKOMMUNALE PLANAR

Kvinnherad kommune har dei seinare åra vore aktivt med i utarbeiding av strandsonenplan for Sunnhordland saman med åtte andre kommunar. Dette planarbeidet tek utgangspunkt i ein strandsonestrategi for regionen som vart vedteken i 2008. Sjølve planarbeidet tok til i 2012 og eit planforslag var på høyring i 2015. Grunna motsegner har planen ikkje vorten vedteke. Det er føresett at den interkommunale planen skal utgjere ein fellesdel for alle kommunane som skal vedtakast som tematisk kommunedelplan i kvar einskild kommune.

Når motsegnene er avklara vil Kvinnherad kommune arbeide vidare for å få slutført planarbeidet og få vedtak om status som tematisk kommunedelplan for strandsona i Kvinnherad. Resultata frå strandsonenplanen skal nyttast som arealpolitiske føringar for arealdelen til kommuneplanen og ved reguleringsplanlegging. Det vil såleis ikkje verte utarbeidd ein separat kommunedelplan for areal i strandsona.

4.8 REGIONALE PLANAR

Det er under arbeid ein kystsoneplan for Sunnhordland i regi av Hordaland fylkeskommune. Kvinnherad kommune deltek aktivt i planprosessen og vil halda fram med det til planen får sitt sluttvedtak.

Kommunen vil i strategiperioden arbeide for at innkorting av ferjesambandet Kvinnherad – Stord vert planlagt som regional plan og at dette ved behov vert følgt opp i påfølgjande detaljreguleringsplanar. Kvinnherad si tilknytning til stamvegnettet ut over dette er per 2016 ikkje tilstrekkeleg klarlagt til at konkret planbehov kan skildrast.

4.9 ANDRE PLANAR OG PROSJEKT

Kommunestyret, formannskapet og dei politiske komiteane samt rådmannen opprettar i tillegg prosjekt, planar og utgreiingar til utvikling av organisasjonen og samfunnet eller oppfølging av statlege/fylkeskommunale føringar. Desse prosjekta får indirekte verknad på samfunnet og brukarane ved at organisasjonen løyser sine

oppgåver betre, men også direkte følgjer t.d. som følgje av fordeling av tilskotsmidlar eller prioritering mellom utbyggingstiltak. Typiske eksempel er barnefattigdomsprosjektet etablert i 2015, brannordning, atomberdeskapsplan, ulike handlingsplanar innan beredskap, helse, pleie og omsorg, plan for utbygging av skogsvegar og liknande. Mange av desse oppgåvene vert ikkje spesifisert i planstrategien, men kommuneorganisasjonen må sørge for å ha ein viss kapasitet til å løyse dei likevel.

I strategiperioden er dette større prosjekt eller utgreiingar som skal følgje opp kommunen sine strategiske vegval:

- Sameining av økonomiplan etter kommunelova og handlingsdel til kommune(del)plan
- Barnefattigdomsprosjektet
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Plan for integrering av flyktningar
- Kvinnheradpakke for samferdsleprosjekt
- Frivilligplan
- Tiltaksplan for universell utforming
- Revidere folkehelseoversikta
- Rullere den overordna risiko- og sårbarheitsanalysen og revidere akseptkriterium for risiko og sårbarheit ved arealplanlegging
- Flaumsonekartlegging og flaumsikring
- Brannordning (rullering)
- Revidert startpakke for reguleringsplanar, utviding av planregister og innføring av digital plandialog
- Kartlegging av barnetrakk
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde
- Ny ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga

4.10 PLANAR SOM UTGÅR

Ein viktig del av planstrategiarbeidet er å rydde i eldre planar. Dei planane som har fylt sin misjon og fått sine tiltak gjennomført bør enten utgå eller fyllast med nytt og oppdatert innhald. Fleire av Kvinnherad kommune sine planar har mista sin aktualitet. Grunnane kan vere fleire, t.d. at politiske målsettingar har endra seg, at fagfeltet er lagt inn i andre planar eller at tilskotsordningar har opphøyr.

I oversikta under er det vist temaplanar, analyser o.l. som ikkje lenger vil verte nytta som grunnlag for kommunen si verksemd. Planane vert med dette ikkje formelt oppheva, til det bør det gjerast separate vedtak for kvar plan og først da kan dei fasast heilt ut av forvaltninga. Arealplanar er ikkje med i denne oversikta; dei er underlagt egne reglar.

Plannamn	Merknad
Kommunedelplan for barn og unge (1989)	Utdatert. Tema går inn i ny KP-samfunnsdel m.fl.
Psykiatriplan (2006)	Utdatert. Tema bør går inn i andre planar.
Handlingsplan mot rusmiddelproblem (2006)	Utdatert. Tema bør går inn i andre planar.
Kriseplan for Kvinnherad kommune (2011)	Erstatta av ny beredskapsplan.
Oversiktsplan for skogbruket 1999-2004	Erstatta av ny skogsvegplan. Skal inn i ny landbruksplan.
Hovudplan for vassforsyning 1996-2007	Erstatta av ny vass- og avløpsplan.
Hovudplan for kloakutbygging 1996-2007	Erstatta av ny vass- og avløpsplan.
KDP for idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg 2000-2004	Erstatta av ny plan.
Kystsoneanalyse for Kvinnherad (1991)	Utdatert. Temaet er dekket av nyare planar.
Næringsplan for Kvinnherad 1993 - 2000	Utdatert. Temaet går inn i ny KP-samfunnsdel m.fl.

4.11 PRIORITERTE PLANOPPGÅVER

Planoppgåvene i tabellen under vert prioritert i valperioden. Planane er gruppert etter art og lista opp i prioritert rekkefølge innfor kvar gruppe. Dei planoppgåver som ikkje er finansiert per 2016 må innarbeidast i budsjett og økonomiplan slik at prosjekta kan setjast i gang før valperioden er omme.

Art	Type	Plan	Merknad	Start
KO	KPS	Samfunnsdel til kommuneplanen	Rullering. Under utarbeiding	-
KO	KPA	Arealdel til kommuneplanen	Rullering. Under utarbeiding	-
KO	IKP	Interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland	Ny. Er i prosess.	-
KO	KDP-A	Kommunedelplan for Husnes-området	Ny	2017
KO	REG	Regional plan for ferjesambandet Kvinnherad - Stord	Ny	2016
KO	PRO	Planforvaltning - planregister - temaplanregister - rekneskap for spreidd utbygging	Forbetring og utviding av system. Er starta.	-
KF	KDP-T	Kommunedelplan for skulebruk	Handlingsdel (plan er vedteken)	2016
KF	KDP-T	Kommunedelplan for kulturminne	Ny. Er starta.	-
KF	KDP-T	Kommunedelplan for landbruk	Rullering. Er starta.	-
KF	KDP-T	Kommunedelplan for vatn og avløp	Rullering	2016
KF	KDP-T	Kommunedelplan for samferdsle	Ny	2017
KF	KDP-T	Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial	Ny	2017
KF	KDP-T	Kommunedelplan for klima og energi	Rullering	2017
KF	KDP-T	Kommunedelplan for kultur	Ny	2017
KF	KDP-T	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Rullering	2018
RO	ORP	Områdereguleringsplan for Sunde	Ny. Erstattar eldre reg.plan.	2017
RO	ORP	Områdereguleringsplan for Sæbøvik	Ny. Erstattar eldre reg.plan.	2017
RO	ORP	Områdereguleringsplan for Uskedalen	Ny. Erstattar eldre reg.planar.	2018
RO	ORP	Områdereguleringsplan for Rosendal	Ny. Erstattar eldre reg.planar.	2018
RO	ORP	Områdereguleringsplan for Valen	Ny. Erstattar eldre reg.planar.	2019
RF	DRP	Detaljreguleringsplan for skule-/idrettsområde Husnes	Ny	2017
TF	PRO	Kvinnheradpakken (tiltaksplan for samferdsle)	Ny. Under utarbeiding.	-
TF	TEM	Tiltaksplan for universell utforming	Ny. Under utarbeiding.	-
TF	TEM	Brannordning	Rullering	2016
TF	ANA	Barnetrakk	Ny/utviding	2017
TF	ANA	Flaumsonkartlegging av dei største vassdraga	Ny	2017
TF	TEM	Planar for flaumsikring i dei mest utsette vassdraga	Ny	2017
TF	TEM	Helse- og sosial beredskapsplan	Rullering	2017
TF	TEM	Smittevernplan	Rullering	2017
TF	TEM	Frivilligplan	Ny	2017
TF	ANA	Overordna ROS-analyse	Rullering	2018
TF	PRO	Akseptkriterium for risiko og sårbarheit ved arealplanlegging	Rullering	2018
TF	ANA	Folkehelseoversikt	Rullering	2019

Forklaring til artane:	
KO	Kommuneplanoppgåve - oversiktsplan
KF	Kommuneplanoppgåve - tema eller fagfelt
RO	Reguleringsplanoppgåve - oversiktsplan
RF	Reguleringsplanoppgåve - tema eller fagfelt
TF	Anna tematisk eller fagavgrensa oppgåve

Forklaring til typane:	
KPS	Samfunnsdel til kommuneplanen
KPA	Arealdel til kommuneplanen
KDP-A	Kommunedelplan for areal
KDP-T	Kommunedelplan for tema
IKP	Interkommunal plan
REG	Regional plan
TEM	Temaplan som ikkje følgjer plan- og bygningslova sine form-/prosesskrav
ANA	Analyse, utgreiing, kartlegging o.l.
PRO	Andre prosjekt

VEDLEGG 1: EKSISTERANDE PLANAR

Tabellen under viser gjeldande kommuneplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar utarbeidd av kommunen, temaplanar og lovpålagte utgreiingar og analysar.

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
Kommuneplan for Kvinnherad, måldokument 1999-2000	31.08.00	Samfunns- utvikling	Planen er utdatert. Manglar handlingsdel og har lite samanheng med økonomiplan og budsjett. Ny samfunnsdel er under arbeid, men planarbeidet har blitt nedprioritert til fordel for arealplanarbeid. Ny samfunnsdel bør gjerast ferdig tidleg i strategiperioden.	Sama situasjon som i 2012. Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i temaplanbasen med ID 20009001.	Gjeldande
Kommunedelplan for Rosendal-området	20.02.03	Samfunns- utvikling	Planen har fortsatt disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsformål. Minkar på disponibelt bustadareal i området Løfallstrand – Dimmelsvik. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det må vurderast om det i tillegg er trong for ein eigen områdeplan for Rosendal sentrum.	Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20000001.	Gjeldande
Kommunedelplan for Husnes-området	20.02.03	Samfunns- utvikling	Planen har fortsatt disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsformål. Stor trong for rullering, særleg rundt Husnes sentrum, skule- helse og idrettsområdet. I tillegg bør sentrumsområdet ved Nesjanaset og Sundsvågen vurderast. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det er stor trong for å sjå Husnes sentrum i ein større samanheng. Særleg må det sjåast på trafikktryggleik og transport, gangveggar mellom sentrum – skule og, sentrum – Bogsnes mv	Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20000003.	Gjeldande

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
Kommunedelplan for Mauranger-området	15.12.05	Samfunns- utvikling	Store areal sett av til bustad og næring. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag.	Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20050030.	Gjeldande
Kommunedelplan for Halsnøy-området	25.09.08	Samfunns- utvikling	Del av kommunen med mindre byggjepress. Store reservar i planen til bustad og fritidsbustad. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag. Det bør vurderast om det skal lagast ein eigen områdeplan for Sæbøvik sentrum, særleg med tanke på mogleg utbetring av fylkesvegen frå Tofte til Ranavik.	Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20080001.	Gjeldande
Kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy	23.03.11	Samfunns- utvikling	Relativt ny plan med store areal disponible til ma bustad, fritidsbustad og næring. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggjegrænse mot sjø og vassdrag.	Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 2005003.	Gjeldande
Kommunedelplan for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra 2013 - 2023	20.06.2013	Samfunns- utvikling		Godt oppdatert plan som med få endringar vert innarbeidd i ny arealdel for heile kommunen. Skal gjelda inntil ny plan er vedteken. Skal framleis vere registrert i arealplanregisteret med ID 20100004.	Gjeldande
Kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy	20.03.2014	Samfunns- utvikling		Skal gjelda inntil detaljreguleringsplan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20120026.	Gjeldande
Kommunedelplan for omlegging av Fv 48 Løfallstrand	20.03.2014	Samfunns- utvikling		Skal gjelda inntil detaljreguleringsplan er vedteken. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20120025.	Gjeldande
Kommunedelplan Trafikksikring 2012 - 2020	20.12.2012	Kommunal- teknikk		Planen bør oppdaterast og gå inn i KDP samferdsle. Har oversikt over tiltak, men manglar handlingsdel. Er registrert i temaplanbasen med ID 20129002.	Gjeldande
Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013-	21.02.2013	Kommunal- teknikk		Brukbart oppdatert plan, men treng rullering i perioden. Er registrert i	Gjeldande

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
2024				temaplanbasen med ID 20139003.	
Kommunedelplan for barn og unge 1989	22.03.90	Kultur og fritid	Planen er laga i 1989 og må no reknast som utdatert. Det er ikkje lagt opp til rullering av planen. Plantemaet er tverrsektorielt og hovudmål for området bør gå inn i ny samfunnsdel til kommuneplanen. Spesifikke tematiske mål for kultur og fritid bør gå inn i en evt. framtidig kulturplan for Kvinnherad.	Vert ikkje registrert i temaplanbasen (manglar fil/dokument.)	Gjeldande, bør opphevast
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 - 2022	25.09.2014	Kultur og fritid		Godt oppdatert plan. Tilhøyrande handlingsdel vert rullert årleg og har god tilknytning til budsjett/økonomiplan. Er registrert i temaplanbasen med ID 20149001.	Gjeldande
Klima- og energiplan for Kvinnherad kommune 2020	23.06.11	Samfunns-utvikling	Planen er utforma og behandla som tematisk kommunedelplan etter den nye plan- og bygningslova. Den er framleis så fersk at den er vanskeleg å evaluera. Det er føresett at tiltaka i planen skal rullerast årleg i økonomiplan/handlingsplan i samband med budsjetthandsaminga. Dette må seiast å vere utfordrande. Rullering av planen bør skje i siste del av strategiperioden.	Planen manglar handlingsdel. Er registrert i temaplanbasen med ID 20119002.	Gjeldande
Kommunedelplan for Fjelbergsambandet	27.09.2012	Samfunns-utvikling		Tematisk kommunedelplan. Planen er tilstrekkeleg oppdatert. Er registrert i temaplanbasen med ID 20129003.	Gjeldande
Kommunedelplan for skulebruk 2016 - 2028	17.12.2015	Samfunns-utvikling		Oppdatert plan. Handlingsdel er ikkje vedteken og skal utarbeidast i 2016.	Gjeldande
Områdereguleringsplan for Husnes skuleområde	19.05.2015	Brann, bygg og eigedom		Deler av planen skal utdypast med detaljreguleringsplanar. Er registrert i arealplanregisteret med ID 20140001.	Gjeldande
Overordna beredskapsplan for Kvinnherad kommune	25.02.2016	Brann, bygg og eigedom		Lovpålagt temaplan jf. sivilbeskyttelseslova § 15. Er det overordna dokumentet i krisepanverket. Vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Beredskapsplan – vassforsyning	25.02.2016	Kommunal-		Godt oppdatert, vert løpande revidert.	Gjeldande

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
		teknikk		Er del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	
Beredskapsplan mot akutt forurensing IUA Haugesund region	22.05.97 sak 56/97	Brann, bygg og eigedom	Godkjent av SFT 24.06.97. Vurderast integrert i ny beredskapsplan	Vert oppdatert årleg, sist i 2016. Skal vidareførast som separat temaplan. Er publisert på http://karmsundhavn.no/iua/ .	Gjeldande
Atomberedskapsplan	10.03.2016	Brann, bygg og eigedom		Sist oppdatert mars 2016. Er del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Brannordning for Kvinnherad kommune	21.10.10 2009/3195	Brann, bygg og eigedom	Dette er meir eit oversyn enn ein plan og følgjer av krav satt i sektorlov og eige regelverk. Brannordninga vart sist revidert i 2010 og må reknast som heilt oppdatert. Vurderast integrert i ny beredskapsplan	Skal vidareførast som separat temaplan, men det er behov for rullering. Er del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Beredskapsplan – kommunale barnehagar	26.10.2015	Samfunns- utvikling		Evaluering er planlagt januar 2016. Er del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Handlingsplan mot mobbing – barnehage	03.03.2015	Samfunns- utvikling			Gjeldande
Tilsyn med barnehagar 2013-2016	26.03.2013	Samfunns- utvikling		Årleg evaluering. Ny plan frå august 2016. Politisk handsaming.	Gjeldande
Klar til skulestart. Overgang barnehage - skule	26.10.2015	Samfunns- utvikling		Innspel til ny plan frå verksemdar – FAU - tillitsvalde	Gjeldande
Plan for rettleiing av nyutdanna lærarar i barnehage og skule	30.03.2012	Samfunns- utvikling		Bør evaluerast.	Gjeldande
Leik og læring – hand i hand. Kvalitet i kommunale barnehagar	14.06.2011	Samfunns- utvikling		Planen må oppdaterast.	Gjeldande
Helse og sosial beredskapsplan	Februar 2005	Helse og rehabilitering	Planen skal evaluerast/reviderast i 2012.	Lovpålagt plan. Skal rullerast innan utgangen av 2017. Del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Folkehelseoversikt 2015 - 2019	26.03.2015	Helse og rehabilitering		Lovpålagt skildring/analyse jf. folkehelselova § 5. Er registrert i temaplanbasen med ID 20159001.	Gjeldande

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
				Oversikta er oppdatert per 2015 og neste rullering vert i 2019.	
Smittevernplan for Kvinnherad kommune	24.09.98	Helse og rehabilitering	Revidert administrativt april 2004. Vurderast integrert i ny beredskapsplan	Planoppgåve pålagt gjennom smittevernlova. Revidert desember 2015. Skal rullerast innan utgangen av 2017. Er del av kriseplanverket og vert ikkje publisert i temaplanbasen av tryggleikssyn.	Gjeldande
Rehabiliteringsplan for Kvinnherad	03.12.2008 2007/4729	Helse og rehabilitering	Dette er ein sektorplan sist rullert i 2008. Det er i vedtaket føresett årleg rullering. Planen bør rullerast tidleg i strategiperioden og den bør da behandlast som tematisk kommunedelplan.	Er registrert i temaplanbasen med ID 20089001. Skal innarbeidast i KDP for helse, omsorg og sosial.	Gjeldande
Omsorg 2020	29.04.2010 2009/2979	PLO	Dette er ein sektorplan sist revidert i 2009. Det er lagt opp til 4-års revideringssyklus; neste revisjon vert da i 2013. Det er starta arbeid med ein tiltaksdel/-plan som skal få årleg revidering med sikte på innarbeiding av tiltak i økonomiplan og budsjett. Planen bør rullerast tidleg i strategiperioden og den bør da behandlast som tematisk kommunedelplan.	Planen skal rullerast som del av ny kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Er registrert i temaplanbasen med ID 20109001.	Gjeldande
Kystsoneanalyse for Kvinnherad	25.04.91	Samfunns- utvikling	Truleg ikkje trong for ein eigen kystsoneanalyse i same form som den frå 1991, men det vil bli gjort store utgreiingsarbeid, særleg i samband med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.	Temaet er godt dekket i nyare planar og utgreiingar. Skal ikkje registrerast i temaplanbasen.	Utan binding, bør utgå
Næringsplan for Kvinnherad 1993 – 2000	01.07.93	Samfunns- utvikling	Planen er ein temaplan som ikkje har blitt følgt opp og er forlengst utgått på dato. Næringsplan må inngå i det ordinære kommuneplanarbeidet (arealdelen og samfunnsdelen) og i økonomiplan og handlingsplan.	Utdatert og ikkje lenger aktuell. Temaet skal dekkast av ny samfunnsdel.	Gjeldande, bør opphevast
Landbruksplan for Kvinnherad 2004	23.09.04	Samfunns- utvikling	Gjeldande plan er moden for oppdatering, særleg statistikkdelen. Grunna aukande aktivitet innan næringsplan er det også trong for å	Ny planprosess vart starta opp i 2014, ligg no på is grunna vakanse på landbrukskontoret. Er registrert i	Gjeldande

Plan	Datert	Ansvarleg	Evaluering gjort i 2012	Vurdering 2016	Status
			kartleggja mogleg dyrkingsareal. Fylkesmannen etterlyser ferdigstilling av kartlegginga av kjerneareal i landbruket. Dette kan gjerast i samband med det ordinære kommuneplanarbeidet.	temaplanbasen med ID 20049001.	
Hovudplan skogsvegar 2013 – 2025	21.11.2013	Samfunns- utvikling		Sektorplan med detaljert handlingsplan. Denne planen skal innarbeidast i ny kommunedelplan for landbruk, men skal inntil vidare vere gjeldande. Er registrert i temaplanbasen med ID 20139002.	Gjeldande
Akseptkriterium og metode for ROS-analysar	21.12.2013	Samfunns- utvikling		Dette er ikkje ein plan, men kriteriesettet legg føringar for mykje av planarbeidet elles og er difor del av temaplanbasen (ID 20139001). Bør vidareførast utan endringar.	Gjeldande
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse	25.09.2014	Samfunns- utvikling		Lovpålagt skildring/analyse jf. sivilbeskyttelseslova § 14. Skal oppdaterast i takt med revisjon av kommune(del)planar. Er registrert i temaplanbasen med ID 20149002.	Gjeldande
Psykiatriciplan for Kvinnherad kommune	2006 2010/710	PLO-Husnes	Dette er ein sektorplan sist rullert i 2006. Planen har eit kostnadsrekna handlingsprogram for perioden 2007 – 2010. Planen bør rullerast tidleg i strategiperioden og den bør da behandlast som tematisk kommunedelplan.	Planen skal ikkje vidareførast. Temaet skal innarbeidast i ny KDP for helse, omsorg og sosial.	Gjeldande
Handlingsplan mot rusmiddelproblem 2007 - 2009	2006 2010/710	PLO-Husnes	Dette er ein sektorplan sist revidert i 2006. Planen bør rullerast tidleg i strategiperioden og den bør da behandlast som tematisk kommunedelplan.	Planen skal ikkje vidareførast. Temaet skal innarbeidast i ny KDP for helse, omsorg og sosial.	Gjeldande
Bustadsosial handlingsplan 2011	02.02.2012	Brann, bygg og eigedom	Planen skal leggjast til grunn for utarbeiding av kommunen sitt handlingsprogram.	Planen skal ikkje vidareførast. Temaet skal innarbeidast i ny KDP for helse, omsorg og sosial.	Gjeldande

VEDLEGG 2: PRIORITERTE INNSPEL

I ein verkstad 04.02.2016 vart det ved hjelp av Pareto-metodikk gjort prioriteringar innan tre sett av utfordringar/strategiar:

1. Utfordringar og strategiar frå førre planstrategi
2. Nye innspel komen inn som følgje av evalueringa av førre planstrategi
3. Forslag sett fram i sjølve verkstaden

Deltakarar i verkstaden var den politisk oppnemnte arbeidsgruppa for kommuneplanarbeidet supplert med representantar frå eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma; til saman ni politikarar.

Resultata frå verkstaden er samanfatta i tre tabellar i dette vedlegget. Dei utfordringar og strategiar som er vist på grøn bakgrunn fekk til saman 80 % av tildelte poeng innan sitt resultatsett. Desse utfordringane har fått ekstra merksemd og er innarbeidd i den nye planstrategien.

I planstrategien kan ein kjenne att mange av dei lågare prioriterte utfordringane også. Det skuldast gjerne at dei er samanfallande med nasjonale forventningar, lovpålagte oppgåver eller generelle planfaglege vurderingar.

1. Prioritering av utfordringar/strategiar frå førre planstrategi			
Poeng	Prosent	Nr.	Utfordring
14	15,6	5.2	Kvinnherad vil tilretteleggja for innovasjon, inkubatorar, rettleiing, finansiering, næringsareal m.m slik at det vert gode vilkår for næringslivet. Dette krev innovativ tenking og ei overordna «ja-haldning».
14	15,6	8.1	Sunn og bærekraftig kommunal økonomi som gjev rom for, og prioriterer samfunnsutvikling.
13	14,4	5.3	Alle bygder må inkluderast. God infrastruktur er viktig, og dei unike kvalitetane i kvar bygd må forsterkast. Det må tilretteleggjast for ei differensiert arealforvaltning der bygdene vert tilgodesette.
7	7,8	7.1	Oppvekstmiljø – gode oppvekstvilkår, engasjerte innbyggjarar, ressurssterk ungdom
5	5,6	1.2	Stoppa fråflytting, få ungdom heim att etter ferdig utdanning.
5	5,6	2.2	Utvikla og byggja ut fornybar energi. Industrien i Kvinnherad, m.a. Sørå, må sikrast tilgong til denne energien.
4	4,4	1.1	Skapa eit samfunn som tek godt vare på alle innbyggjarar og idéskaparar. Styrkja den kvinnherske identitetskjenla.
4	4,4	5.1	Kvinnherad sin unike geografi må i sterkare grad marknadsførast nasjonalt og internasjonalt som buområde, arbeidsområde, idretts- og fritidsområde og reiselivsområde.
4	4,4	7.2	Nettverk: Gode på nettverksbygging, sosiale/fritid, næringsliv, helse, skule, kunnskap, marknadsføring.
4	4,4	8.2	Skapa ein kultur for nyskaping og utvikling av lokalsamfunn og næringsliv
3	3,3	2.3	Oppdrett på bærekraftige premissar. Saman med næringa utvikla tiltak som hindrar ureining, sjukdom og røming.
3	3,3	3.2	Fortsetja samferdslerevolusjonen
2	2,2	3.1	Varierte arbeidsplassar
2	2,2	3.3	Kvinnherad som ein kommune
2	2,2	4.2	Betre gang-/sykkelvegar
2	2,2	8.3	Ei positiv, ubyråkratisk og endringsdyktig offentleg forvaltning.

1	1,1	4.3	Dårleg vedlikehald på vegar
1	1,1	6.1	Kommunen har ein stor utbyggingsreserve til bustadformål i eksisterande arealplanar. Denne må realiserast.
0	0,0	1.3	Kvinnherad skal vera førsteval som bustadkommune på Vestlandet.
0	0,0	2.1	Ta vare på og utvikla strandsona i Kvinnherad til det beste for innbyggjarane, næringslivet og miljøet.
0	0,0	4.1	Betre kommunikasjon til sentrale stader
0	0,0	6.2	Nasjonalparken, med senter i Rosendal, må nyttast aktivt
0	0,0	6.3	Fleire statlege retningslinjer for differensiert arealforvaltning!
0	0,0	7.3	Idrett/fysisk aktivitet. Dugnadsånd, rekreasjon, tiltakslyst og trivsel i godt fellesskap.

2. Prioritering av utfordringar komen inn under evalueringa			
Poeng	Prosent	Nr.	Lokalsamfunn og region, folketal, senter, tettstader og bygder
53	58,9	2	Oppretthalda eller auka folketalet
14	15,6	1	Samla kommunen, skapa samhald, "motarbeida bygdedyret"
10	11,1	3	Kommunesamanslåing eller vere eigen kommune
9	10,0	5	Forgubbing og alderssamansetting
4	4,4	4	Fråflytting
Poeng	Prosent	Nr.	Samferdsle og kommunikasjon
25	27,8	1	Samferdsle og kommunikasjon
23	25,6	3	Kommunikasjonar til og frå kommunen
21	23,3	4	Betre ferjer
13	14,4	5	Koma i gang med "Kvinnheradpakken"
8	8,9	2	Semje om samferdslepolitikken
Poeng	Prosent	Nr.	Berekraft
34	37,8	1	Ta vare på fjordane, kontroll med oppdrettsnæringa
33	36,7	4	Skapa eit berekraftig samfunn
10	11,1	5	Ta vare på naturen
7	7,8	2	Bevare strandsona
6	6,7	3	Ta vare på urørt natur
Poeng	Prosent	Nr.	Arbeidsplassar og næringsliv
56	62,2	2	Næringsutvikling og nyskaping
22	24,4	1	Behalde og skapa nye arbeidsplassar
9	10,0	3	Arbeidsløyse
3	3,3	4	Variert arbeidsmarknad
Poeng	Prosent	Nr.	Kommunale tenester
22	24,4	1	Strukturendringar

20	22,2	2	Økonomistyring
13	14,4	4	Overstyring av fylkesmannen
11	12,2	6	Brukarperspektiv
10	11,1	5	Redusera driftsutgiftene
6	6,7	7	Prioritering
6	6,7	8	Gode tenestetilbod
1	1,1	3	Tenestenivå
1	1,1	9	Organisasjonsbygging
Poeng	Prosent	Nr.	Anna
36	40,0	5	Bustadtilhøve og bustadprisar
17	18,9	1	Identitet, omdøme, verdiar og optimisme
9	10,0	2	Støtte til initiativtakarar
8	8,9	4	Fordeling av ressursar
7	7,8	3	Tilrettelegging for flyktningar
7	7,8	7	Prioritering
5	5,6	6	Utnytta strandsona
1	1,1	8	Populisme

3. Prioritering av nye utfordringar frå verkstaden 04.02.2016

Poeng	Prosent	Nr.	Utfordring
15	16,7	27	Bidra til støtte og utvikling av landbruket i kommunen – nye nisjar
8	8,9	13	Helse/omsorg: Avklara kva forventningar ein kan ha til den kommunale tenesteytinga
8	8,9	15	Jordvern, landbruksplan: Nytte matjorda som blir kjørt vekk ved utbygging
7	7,8	17	Oppvekstvilkår: Skape engasjerte ungdomar som er glade i kommunen sin
6	6,7	8	Utvikle målemetodar som kan gi oss ein pekepinn på om vi driv godt integreringsarbeid i Kvinnherad
6	6,7	23	Folkehelse: viktig med førebyggjande helsearbeid. Auka satsing, det er små midlar som skal til.
5	5,6	3	Tiltak i folkehelseperspektiv
5	5,6	22	Omsorgsteknologi i eldreomsorga
5	5,6	26	Gode helsetilbod både på institusjonane og i heimen
4	4,4	11	Utvikle sjukeheimen på Husnes etter samhandlingsreforma. "Minisjukehus" for å spare overliggedøgn.
3	3,3	6	100 % flaumsikring av Melselva
3	3,3	9	Registrera areal som er eigna til nydyrking
3	3,3	20	Omsorgsteknologi som gjer at eldre kan bli lengre heime
3	3,3	25	Helsetenester, pleie og omsorg: viktig å få organisert tenestene på ein god måte for å få ut mest mogleg av ressursane og kompetansen som er!
2	2,2	14	Oppvekstvilkår: Fange opp barn/unge som har det vanskeleg i heimen. Setje inn tiltak.
2	2,2	16	Kultur: Fokusera på Kvinnherad kommune som kulturkommune -> rammeplan for kulturskulen
1	1,1	1	Helsetenester, pleie og omsorg: Ny plan for brukarmedverknad
1	1,1	2	Vurdering og rullering av omsorgsplanen 2020
1	1,1	4	Omsorgsteknologi: Tilskot til å forbetre bustad etc. når ein vert gamal/eldre slik at ein kan bu lenge heime
1	1,1	10	Helsetenester, pleie og omsorg, personar med nedsett funksjonsevne: forskrift for ferieavvikling med hjelp
1	1,1	18	Helsetenester, pleie og omsorg, menneske med nedsett funksjonsevne: Oversikt over personar, mengd og alder som treng hjelp/bustad i planperioden
0	0,0	5	God helse- og omsorgsteneste i alderdomen
0	0,0	7	Gode kulturtilbod for eldre
0	0,0	12	Alle skal kunne lese, skrive, rekne i løpet av 2. årstrinn
0	0,0	19	Integrering av flyktingar
0	0,0	21	Tilretteleggje og skape nye teknologiske høgskulerelaterte arbeidsplassar
0	0,0	24	Universell utforming: universell utforming i vid forstand, meir enn berre funksjonshemmingar! Ta med alle grupper.